



Anebyhus AS
Linjevegen 31
2344 ILSENG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6049 - 15/3299

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.02.2015

Søknad om løyve til tiltak - krav om dispensasjon- gbnr 214/227.

Kommunen viser til tilleggsinformasjon mottatt 09.02.2015. Det er ikkje mottatt søknad om dispensasjon frå plankravet for oppføring av bustad på tomta, jf punkt 1 i vårt skriv av 09.01.2015.

I samsvar med punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen skal areal sett av til bygg og anlegg inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 vert tillate. Det vart i vedtak datert 22.08.2012 gitt løyve til frådelling av bustadtomta. Det går fram av saksutgreiinga at ei seinare konkret byggjesak må, etter reglane gjeve i pbl, også handsamast som ei dispensasjonssak, jf siste avsnitt i dispensasjonsvurderinga der det står:

«For dei andre omsyna som ligg bak kravet om regulering, er det truleg ikkje problem å gje dispensasjon. Etter ei samla vurdering vil administrasjonen difor rå til at det vert gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan på vilkår at det vert etablert ein einbustad på staden. **Ei seinare konkret byggjesak må etter reglane gjeve i pbl også handsamast som ei dispensasjonssak.**»

Kommunen kan såleis ikkje handsama byggjesaka før det er søkt om og gjeve løyve til dispensasjon frå plankravet. Vi ber om at søknad om dispensasjon vert send inn innan 01.04.2015.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming, må det sendast inn full ny søknad.

Med helsing

Tor Hegle



Avd.leiar byggesak

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Richard Hansen

Inndalsvn 99

5063

BERGEN

Mottakarar:

Anebyhus AS

Linjevegen 31

2344

ILSENG